

## Protokoll frå styremøte i Språkrådet 2. juni 2017

<i>Til stades</i>	Guri Melby, Trond Trosterud, Jan Erik Knarbakk, Liv Kari Eskeland, Torunn Reksten og Bjørg Nesje Nybø
<i>Frå sekretariatet</i>	Åse Wetås (direktør) og Åsa Kaldhussæter (rådgjevar i administrasjonen)
<i>Forfall</i>	Eli Bjørhusdal og Curt Rice
<i>Møtestad</i>	Scandic Byparken, Christiesgate 5-7, 5808 Bergen
<i>Møtetid</i>	Kl. 09.00–14.00
<i>Møteleiar</i>	Melby
<i>Referent</i>	Kaldhussæter

### Sakliste

#### Konstituering

S 24/17 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

S 25/17 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 16. februar 2017 og telefonmøtet 28. april 2017

#### Vedtaksaker

S 26/17 Rekneskap og økonomisk situasjon per 30. april 2017

S 27/17 Revidert budsjett 2017

S 28/17 Plan for betre økonomistyring

S 29/17 Språkpolitisk framtidsutval

S 30/17 Personaldisponering og bemanning i strategiperioden

S 31/17 Resultatmål 2018

S 32/17 Normeringssaker

S 33/17 Oppnemning av nytt fagrådsmedlem i F3

#### Drøftingssaker

S 34/17 Nye inntektskjelder for Språkrådet

S 35/17 Språkstatus – bruk av dokumentet

#### Informasjonssaker

S 36/17 Orienteringssaker

a) Direktørens orientering

b) Nordterm 2017

c) Kvensk språkpris

d) Budsjettsøknad 2018

e) Evaluering av Språkdagen – form og innhald

f) Vedtektsendringar frå Kulturdepartementet

g) Referat frå etatsstyringsmøte

h) Lokalisering av Språkrådet – status

i) Arbeidet med tilskotsforvaltning

j) Medarbeidarmåling

k) Det ferdige parallellspråkprosjektet

l) Nordisk termbase

S 37/17 Sjukefråver

S 38/17 Høyringar  
S 39/17 Mediesaker  
S 40/17 Frå fagråda  
S 41/17 Fellesmøte for fagråda – dato, invitasjon og program  
S 42/17 Eventuelt

## **Konstituering**

### **S 24/17 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet**

**Sakspapir:** Saklista 2. juni 2017

**Vedtak:** Innkallinga og saklista er godkjende.

### **S 25/17 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 16. februar 2017 og telefonmøtet 28. april 2017**

**Sakspapir:** Framlegg til protokollar

**Vedtak:** Protokollane frå styremøte 16. februar 2017 og telefonmøte 28. april 2017 er godkjende.

## **Vedtaksaker**

### **S 26/17 Rekneskap og økonomisk situasjon per 30. april 2017**

**Sakspapir:** Rekneskapsrapport per 30. april og taloppstilling

Direktøren orienterte styret om den økonomiske situasjonen. Styret drøfta saka, mellom anna med fokus på den økonomiske situasjonen til Stadnamntenesta. Styret bad direktøren sende eit notat til Kulturdepartementet om Stadnamntenesta.

**Vedtak:** Styret tek rekneskapen og rapporten til etterretning.

### **S 27/17 Revisjon av budsjettet for 2017**

**Sakspapir:** Notat frå leiargruppa

**Vedtak:** Språkrådets budsjett for 2017 blir revidert i tråd med dei endringane i drifta som organisasjonen har hatt våren 2017, og ut frå dei styringssignala styret kom med i møtet.

## **S 28/17 Plan for betre økonomistyring**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren

**Vedtak:** Språkrådet skal halde fram forbetningsarbeidet for økonomistyringa i tråd med dei signala styret gav i møtet. Styret ber om ei oppfølgingssak på desembermøtet.

## **S 29/17 Språkpolitisk framtidsutval**

**Sakspapir:** Notat frå leiargruppa

**Vedtak:** Språkrådet set ned eit eksternt ekspertutval som skal lage ein rapport som identifiserer dei viktigaste utfordringane som ligg i det norske språklandskapet i dag og peike ut dei områda som det vil vere viktigast å konsentrere den språkpolitiske innsatsen om i åra som kjem. Styret ber om ei oppfølgingssak om det vidare arbeidet med rapporten.

## **S 30/17 Personaldisponering og bemanning i strategiperioden**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren

**Merknad:** Styret omdefinerte denne saka frå vedtakssak til drøftingssak, og ber om at saka kjem opp att som vedtakssak på neste styremøte.

**Vedtak:** Direktøren får i oppgåve å gjennomføre naudsynte prioriteringar og tiltak for å sikre relevant kompetanse og bemanning på dei områda som er prioriterte i Språkrådets mål og strategiske planar. Som eit ledd i arbeidet skal det også gjerast jamlege vurderingar av effekt og omfang av rådets eksisterande aktivitetar.

## **S 31/17 Språkrådets resultatmål for 2018**

**Sakspapir:** Notat frå leiargruppa

**Vedtak:** Språkrådet spelar inn til Kulturdepartementet at vi ynskjer å vidareføre i 2018 dei resultatmåla som var sette for 2017, men med ei mindre endring i mål vi., og med tillegg av eit nytt resultatmål om stadnamntenesta. Styret ber direktøren sende eit brev til Kulturdepartementet om desse endringane.

## **S 32/17 Normeringssaker**

- 1 Normering av *mormon* og *mormonar/mormoner***
- 2 Normering av *gaselle***
- 3 Normering av *makak***
- 4 Normering av *postdoktor* og *postdok***

- 5 Normering av namn på nokre grunnstoff
- 6 Normering av *gusje-*
- 7 Normering av *kvilt-* og *quilt-*
- 8 Justerte transkripsjonsreglar for slaviske språk som bruker kyrillisk alfabet

**Sakspapir:** - Saksførelegg frå direktøren  
 - Framlegg frå fagrådet for normering og språkobservasjon

**Vedtak:**

- 1 Styret vedtek at normert skrivemåte skal vere mormon eller mormoner i bokmål og mormon eller mormonar i nynorsk.
- 2 Styret vedtek at ordet gasell skal få endra skrivemåte til gaselle i bokmål og nynorsk. Gaselle skal ha valfritt hokjønn/hankjønn i bokmål og hokjønn i nynorsk.
- 3 Styret vedtek at makak skal vere normert skrivemåte i begge målformer. Ordet er eit hankjønnsord.
- 4 Styret vedtek at postdoktor og kortforma postdok skal vere normerte skrivemåtar i bokmål og nynorsk. Begge orda blir bøygde som regelrette hankjønnsord.
- 5 Styret vedtek at namna på grunnstoffa med atomnummer 103–118 skal ha desse normerte skrivemåtane i norsk: lawrencium (103), rutherfordium (104), dubnium (105), seaborgium (106), bohrium (107), hassium (108), meitnerium (109), darmstadtium (110), røntgenium (111), copernicium (112), nihonium (113), flerovium (114), moscovium (115), livermorium (116), tenness (117) og oganesson (118). Alle namna skal vere inkjekjønnsord.
- 6 Styret vedtek at forleddet gurse- brukt i fargeadjektiv som gursegrøn og gursegul skal få endra skrivemåte til gusje-. Den normerte skrivemåten gusje- skal gjelde i begge målformer.
- 7 Styret vedtek at kvilt, kvilte, kvilting og quilt, quilte, quilting skal være normerte skrivemåtar i bokmål og nynorsk. Kvilt/quilt blir bøygd som eit vanleg hankjønnsord (bøyingskode m1), kvilte/quilte (nynorsk også kvilta/quilta) som eit regelmessig a-/et-verb (bøyingskode v1) og kvilting/quilting som eit regelrett verbalsubstantiv på -ing.
- 8 Etter vedtak i styret blir vedtak 1–7 registrerte i Norsk ordbank, kunngjorde på passende måte av Språkrådet og ved høve oppførte i Bokmålsordboka og Nynorskordboka.
- 9 Styret vedtek justerte reglar for transkripsjon av bulgarsk, kviterussisk, makedonsk, russisk, serbisk og montenegrisk samt ukrainsk. Etter vedtak i styret blir dei justerte reglane kunngjorde av Språkrådet.

**S 33/17 Oppnemning av nytt medlem i fagrådet for normering og språkobservasjon**

**Sakspapir:** Notat frå seksjonen for språkrøkt og språkrådgiving

**Vedtak:** Styret sluttar seg til framlegget i notatet og ber seksjonen følgje opp vedtaket.

## **Drøftingssaker**

### **S 34/17 Nye inntektskjelder for Språkrådet**

**Sakspapir:** Notat frå leiargruppa

**Vedtak:** Språkrådet arbeider vidare med moglege inntektskjelder med utgangspunkt i styrets tilbakemeldingar.

### **S 35/17 Språkstatus – bruk av dokumentet**

**Sakspapir:** Notat frå leiargruppa  
*Språkstatus* blei delt ut på møtet

Språkrådet arbeider vidare med ferdigstilling av dokumentet, med plan om å ta det i bruk frå august av. Styret får oversendt det endelege dokumentet.

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

## **Informasjonssaker**

### **S 36/17 Orienteringssaker**

- a) Direktørens orientering**
- b) Nordterm 2017**
- c) Kvensk språkpris**
- d) Budsjettsøknad 2018**
- e) Evaluering av Språkdagen – form og innhald**
- f) Vedtektsendringar frå Kulturdepartementet**
- g) Referat frå etatsstyringsmøte (utsett til neste møte)**
- h) Lokalisering av Språkrådet – status**
- i) Arbeidet med tilskotsforvalting**
- j) Medarbeidarmåling**
- k) Det ferdige parallellspråkprosjektet**
- l) Nordisk termbase**
- m) Riksrevisjonens rapport for 2016**

**Sakspapir:** a) Munnleg orientering: Direktøren orienterte mellom anna om lanseringa av Språkrådets nye e-læringskurs «Oi, på nynorsk», det nordiske prosjektet

«Termbase for nordisk mobilitet» som no er i hamn, status på arbeidet med å etablere ein felles pool for økonomi, administrative tenester og HR mellom NB, NLB og SR og at Språkrådet har fått løyva kr. 120 000 frå Fritt Ord til undersøkinga «Hvor oppstår fagspråket». Nye forskrifter til lov om stadnamn er vedtatt.

- b) Notat frå seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning
- c) Notat frå seksjon for språkrøkt og språkrådgiving
- d) Budsjettsøknad 2018 + notat frå direktøren
- e) Notat frå leiargruppa
- f) Brev frå Kulturdepartementet om vedtektsendringar + notat frå direktøren
- h) Notat frå direktøren + brev frå styret til Kulturdepartementet
- i) Notat frå leiargruppa
- j) Notat frå direktøren
- k) Notat frå seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning
- l) Notat frå seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning
- m) Riksrevisjonens rapport for 2016

Merknad til f): Styret bad om ei vurdering av ordninga med to fagrådsekretærar i fagråd 3 til neste styremøte.

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 37/17 Sjukefråver**

**Sakspapir:** Notat frå administrasjonssjefen

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 38/17 Høyringar**

Saka utgår – ingen høyringar.

### **S 39/17 Mediesaker**

**Sakspapir:** Utvalde mediesaker februar–mai + utvalde klipp frå språkrådet.no

Styret ønskjer seg for framtida tilleggsopplysingar om sjåar-/lyttartal på dei medieflatene Språkrådet har saker. Dessutan ønskjer styret orientering om spreining av Språkrådets egne saker i sosiale medium.

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 40/17 Frå fagråda**

**Sakspapir:** Referat frå møte i fagråd for normering og språkobservasjon 25.4.17  
Referat frå møte i fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning  
10.3.17

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 41/17 Fellesmøte for fagråda**

**Sakspapir:** Notat frå fagråda

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 42/17 Eventuelt**

Ingen saker til eventuelt.

## **Godkjenning**

Protokoll frå møtet 2. juni 2017 er godkjend 26. september 2017

Guri Melby

Trond Trosterud

Torunn Reksten

Liv Kari Eskeland

Jan Erik Knarbakk

Bjørg Nesje Nybø